

OTTAR BROX SOM INNVANDRINGSFORSKAR

Hallvard Tjelmeland, UiT Norges arktiske universitet

Kapittelet gir ein oversikt og drøfting av Ottar Brox sine tekstar om innvandring og innvandringspolitikk, i nærare 40 år frå den første artikkelen om dette temaet i 1967. Den viser både brot og kontinuitet i forfattarskapet – kontinuitet knytt til motstand mot arbeidskraftimport og brot knytt til at han utviklar perspektivet til også å omfatta kulturelle faktorar på 1990-talet. Brox var ikkje lett å plassera, fordi han kombinerte eit innvandringskritisk perspektiv med eit klart integrasjonsperspektiv, basert på ei inkluderande nasjonsoppfatning. Han representerte ein mellomposisjon og bidrog med sin effektive og rammande retorikk til ein meir edrueleg debatt om dilemma og problem i innvandringsdebatten.

Ottar Brox bygde ein heil karriere rundt det viktigaste arbeidet sitt, *Hva skjer i Nord-Norge?* frå 1966. Dei viktigaste poenga frå denne boka ligg til grunn for alle hans seinare arbeid om fiskeri- og distriktspolitikk. Langt mindre merksemd har rolla hans i diskusjonen om norsk innvandringspolitikk hatt, sjølv om han truleg har vore minst like viktig på dette feltet. Ein viktig årsak til at han etter mitt syn ikkje har fått den plassen han fortener i forminga av forskning og politikk på dette kontroversielle og sentrale området, ligg i at han var så vanskeleg å plassera. På den eine sida var standpunktta hans klare nok, men på den andre sida var han ikkje så lett

å plassera innanfor det polariserte debattklimaet. Han var innvandringsmotstandar, men på grunnlag av ei republikansk nasjonstenking ville han gi fulle rettar til innvandarane og låg på ei klar integrasjonslinje. Han ga mange spark i ein lett raljerande tone mot dei på venstresida han elles var politisk samd med, samstundes som han ikkje var nådig mot dei innvandringsfiendtelege høgrepopulistane. I dette kapittelet skal eg greia ut om desse paradoksa og freista å visa på kva måte Brox si forsking på innvandringsrelaterte spørsmål spelte inn i diskusjonane. Eg vil visa at det er sterke drag av kontinuitet i argumentasjonen hans, samstundes som det var viktige og interessante nyorienteringar under veg. Nokre spenningar i Brox sin argumentasjon vil også bli drøfta. Først til starten på hans engasjement på innvandringsfeltet.

Mot ein liberalistisk innvandringspolitikk

Starten på det heile var ein artikkel i *Liberalt Perspektiv* i 1967: «Hvem trenger fremmedarbeiderne, og hva trenger de?»¹ Det var ein kommentar til eit spesialnummer om arbeidsinnvandring, der arbeidsformidlingssjefen Harald Gunvaldsen stipulerte «det reelle behovet» for arbeidskraftimport til 15 000, mens direktøren i Norsk Arbeidsgiverforening (NAF) Lars Aarvig slo fast at det økonomisk sett er «ingen tvil om at bedriftslivet trenger tilførsel av mer arbeidskraft». Brox refererte Lars-Jonas Nygaard, konsulent i Statens rasjonaliseringsdirektorat, på sitt karakteristiske ironiske vis, på at han «er redd for at vi kan få kortere arbeidstid, høyere lønninger og annen styggedom dersom vi ikke importerer arbeidskraft som kan hindre inflasjon».²

Bakgrunnen for desse liberalistiske haldningane til arbeidskraftimport er at den langvarige høgkonjunkturen praktisk talt heilt sidan andre verdskrigen hadde skapt ein stram arbeidsmarknad, i Norge som elles i den vestlege verda. Det låg også til grunn for vestleg politikk at barrierar for fri flyt av kapital og arbeidskraft skulle fjernast. Det var grunnlaget for OEEC, som på slutten av 1940-talet oppstod som vilkår for å få Marshall-hjelp. Denne ideologien låg til grunn for etableringa av EEC i 1957 («dei indre seks») og EFTA («dei ytre sju») som svar på dette i 1960. Den

¹ *Liberalt Perspektiv* 2/1967, her etter opptrykk i Brox 2005. Denne artikkelen er også å finna i artikkelsamlinga *Politikk* frå 1972 og boka *Strukturfascismen och andra essäer* året etter.

² Brox 2006: 192.

borgarlege Borten-regjeringa etter 1965 hadde dessutan små skruplar mot å svekka restane av planøkonomipolitikken som Arbeidarpartiet hadde lagt til grunn i «sosialdemokratiets stordomstid».

Høgkonjunktoren og nedbygginga av handelsrestriksjonar skapte ei ny folkevandringstid, frå sør til nord i Europa.³ Norge var i mindre grad enn andre nordeuropeiske land ein del av dette. Land som Sverige, Sveits og Tyskland førte ein aktiv politikk for å få meir arbeidskraft inn i landa, arbeidsmigrantar som gjerne vart definert som «gjestearbeidarar». Dei skulle inn når det var underskot på arbeidskraft, og så tenkte ein seg at dei vandra vidare når det ikkje var situasjonen. Særnummeret av Liberalt Perspektiv og fråsegnene her frå representantar for arbeidsmarknadspolitikken og arbeidsgivarar må sjåast i dette lyset. Sidan 1957 var det i realiteten fri innvandring til Norge. Frå 1960 til 1967 steig talet på innvilga arbeidsløyve frå om lag 5000 til knapt 9000, berre 25 søknader vart i gjennomsnitt avslått kvart år.⁴ Norden var frå 1954 ein felles arbeidsmarknad, og tyngda av arbeidsmigrantar til Norge kom frå dei andre nordiske landa. Det kom også ein del frå Nordvest-Europa elles, og dessutan frå Nord-Amerika (dei fleste truleg heimvende nordmenn). Ein langt mindre del kom frå Sør-Europa – italienarar, jugoslavar, spanjolar, dei gruppene som i samtida vart rekna som «fremmedarbeidere» (eit omgrep som også Brox bruker i sin artikkel).⁵ Desse søreuropearane stakk seg altså ut, trass i at dei var relativt fåtalige, og det var også døme på diskriminerande åtferd retta mot desse.⁶

Det vart ført ein politikk for industrireiseing, og mantraet var å overføra arbeidskraft frå det styresmaktene rekna som lågproduktive næringar, til den ekspansive høgproduktive industrien, som skulle vera motor i moderniseringa av landet. På 1960-talet såg ein eit potensial for auka sysselsetting i heimeverande gifte kvinner, som fram til då var tenkt som bakkemannskap for den mannlege hovudpersonen. Men ein rekna ikkje dette som tilstrekkeleg. I 1964 tilrådde OECD å føra ein meir aktiv marknadspolitikk for å oppfylla organisasjonen sine vekstmål. Regjeringa bad Arbeidsdirektoratet om å følgja opp dette, og det resulterte i ei utgreiing i 1967 frå ein komité der LO og NAF var tungt representert. Tittelen var talande nok: *Aktiv arbeidsmarknadspolitikk*. Her vart spørsmålet reist om

³ Eg omtaler massevandringa under denne langvarige høgkonjunktoren i kapittel 3 i Tjelmeland 2003.

⁴ Tjelmeland 2003: 79.

⁵ Tjelmeland 2003: 81–86, Brox 2005 (1967): 196.

⁶ Tjelmeland 2003: 95–110.

ikkje Norge også skulle driva ein aktiv rekrutteringspolitikk ved blant anna å ta imot «tilbod om arbeidskraft frå middelhavsland som fortsatt kjemper med sysselsettingsproblemer».⁷

Og då er vi framme med dette spesialnummeret av *Liberalt Perspektiv* våren 1967, som Brox sin artikkel var ein kommentar til og polemikk mot. Det er lett å sjå at Brox lét seg provosera av den arbeidsmarknadsliberalismen som kom til uttrykk. Han hadde jo året før utfordra liknande tankegangar om arbeidskraftsmobilitet i boka *Hva skjer i Nord-Norge?*. Eit kjernepunkt i boka og i artikkelen i *Liberalt Perspektiv* handlar om at arbeidsmarknadspolitikken måtte sjåast i eit klasseperspektiv. I artikkelen tar han for seg tre moment som blir brukt til støtte for at det er nødvendig med arbeidskraftimport: «det norske næringslivets behov for arbeidskraft», spørsmålet om «norske holdningar til utlendinger» og «hensynet til fremmedarbeideren selv».⁸ Her er det den skjulte meininga bak orda som skulle fram.

Til det første punktet reiser han spørsmålet: Kva ligg i omgrepet «arbeidskraftmangel»? Det viser seg at når Brox går djupare inn i det spørsmålet, er det ikkje «arbeidskraftmangel» det rett og slett dreiar seg om, men «mangel på arbeidskraft til en gitt pris».⁹ Han viser til at nokon ville importera portugisisk arbeidskraft til trålarflåten, fordi den «led av arbeidskraftmangel». Poenget til Brox er at ein slik politikk ville føra til ein «feiltilpassing» i økonomien, at næringslivet ikkje tar utgangspunkt i dei arbeidskraftressursane landet har til disposisjon, som vil ramma både vilkåra for kystfisket og svekka arbeidarane sin strategiske posisjon. Arbeidskraftimport er ikkje nødvendig for å opprettehalda levestandarden i landet, slik leiarartikkelen i *Liberalt Perspektiv* legg til grunn. Tvert om vil auka import av arbeidskraft truleg «ødelegge mye av det som vi setter pris på ved landet vårt», eit poeng Brox stadig kom tilbake til.¹⁰

Det andre punktet Brox drøftar, gjeld norske haldningar til utlendingar. Grunnen til at han tar opp det, er at han vil imøtegå at motstand mot arbeidskraftimport frå utlandet skuldast rasisme og manglande toleranse. Det er særleg «konsulent Nygaard» sitt bidrag i *Liberalt Perspektiv* sitt spe-

⁷ Tjelmeland 2003: 79.

⁸ Brox 2005 (1967): 191.

⁹ Brox 2005 (1967): 192.

¹⁰ Brox 2005 (1967): 192–194.

sialnummer om arbeidsinnvandring han vil til livs.¹¹ Nygaard meiner motstand mot import av søreuropeisk arbeidskraft, «sydlendingene» som han kallar dei, kan tilbakeførast til «grunninnstillingen», nemleg manglande toleranse i den norske befolkninga. Dette ser Brox som ein moralistisk måte å diskutera spørsmålet om arbeidskraftimport på. Han ser framandfrykt og rasisme primært som ein forsvarsreaksjon mot dei problema som oppstår ved arbeidskraftimport, i form av svekking av fagrørsla, sosial dumping og andre faktorar som kjem opp også i dagens debatt.

Til slutt går han inn på den argumentasjonen som gjeld omsynet til «fattige folk i andre land, de som jeg altså vil stenge ute».¹² Slike altruistiske argument for arbeidskraftimport avviser han på to måtar. For det første meiner han at arbeidsutvandring frå fattige land på den eine sida fører til valutaimport og på den andre sida gjer at regjeringa i slike land, til dømes Italia og Jugoslavia, slepp unna ein aktiv utbyggingspolitikk som elles ville vore alternativet. For det andre meiner han at effektiv hjelp til folka i slike land ville vera å føreta strategiske norske investeringar der, i staden for å byggja opp «ghettoer for det i Skandinavia, slik som er gjort i Tyskland, Belgia og Sveits». Det ville vera å hjelpa til med å byggja opp slike institusjonar som har gjort at norske bønder står sterkare enn i slike land, slik som landbrukssamvirke.

I ein ingress til gjenopptrykkinga av denne artikkelen frå 1967 i 2005 skriv han at artikkelen «er ofte sitert av skribenter som tar avstand fra forfatterens moral».¹³ Han skriv ikkje kvifor desse skribentane siterer artikkelen for å ta avstand frå moralen hans, men kanskje ligg det ein peikepinn i at han i opptrykket valte å setja «en uheldig formulering» i parentes i opptrykket. I forlenging av ein setning som går på at misnøye med ein arbeidskraftimport som fører til auka problem og redusert levestandard for folk flest, burde møtast med politisk aksjon for å få vekk dei politikarane som gjekk inn for å opna grensene, kom altså den uheldige formuleringa som nå vart sett i parentes: «[M]en vi bør ikke rette noen moralsk pekefinger mot umyndiggjorte mennesker som prøver å beskytte sine interesser ved å prøve å gjøre utlendingene så ulykkelige at de forsvinner igjen.»¹⁴

¹¹ «Konsulent Nygaard» viser til Lars-Jonas Nygaard, konsulent i Statens rasjonaliseringsdirektorat, *Liberal Perspektiv* 1/1967: 69. Interessant nok står det om denne Nygaard at han har «tidligere arbeidet som personalsjef i en tysk aluminiumsforedlingsbedrift med vesentlig innslag av sydlandsk arbeidskraft».

¹² Brox 2005 (1967): 196.

¹³ Brox 2005: 191.

¹⁴ Brox 2005: 196.

Ikkje det? Dei fleste av oss meiner vel at det burde ein gjera. Ei slik fatal formulering må nok sjåast i lys av Brox sin tilgrunnliggjande økonomisme, at samfunnsfenomen til sjuande og sist må forklarast ut frå økonomiske og strukturelle forhold – og at kulturelle forhold, for eksempel rasisme, får liten vekt i forklaringane. Eg skal koma tilbake til Brox sin analyse av eit fenomen som rasisme seinare i kapittelet, der også kulturelle faktorar er med i analysen, men her vil eg nemna at ei alternativ forklaring på at nokre skulle sjå artikkelen hans som uttrykk for dårleg moral, nemleg Brox sin motstand mot arbeidskraftimport. Den kritikken må i så fall ha kome frå næringslivshald og borgarlege parti, for i motstand mot innvandring var Brox på denne tida heilt på linje med sine politiske venner på venstresida.

Brox som forløpar for innvandringsmotstand på venstresida

Det var på politisk hald ei optimistisk haldning til innvandring av ny arbeidskraft. Den første stortingsmeldinga om ein samla arbeidsmarknadspolitikkk vart lagt fram av kommunalminister Helge Seip våren 1969. Her handla det om best mogleg utnytting av arbeidskraft og av liberale haldningar til internasjonal arbeidsmigrasjon. Det vart vist til at det i praksis alt var fri innvandring til Norge:

Regjeringa er av den oppfatning at den innvandringspolitikk som Norge har fulgt i de siste år, har vært riktig og bør fastholdes. Ut fra det grunnsyn at internasjonalt samarbeid og internasjonal kontakt og utveksling bør møte minst mulig restriksjoner og hindringer, og at den individuelle arbeidstaker og arbeidsgiver bør ha størst mulig frihet til å inngå arbeidsavtaler, mener Regjeringen såleis at utlendinger som har sikret seg arbeid her i landet, som hovedregel ikke bør nektes arbeidstillatelse.¹⁵

I stortingsdebatten vart ikkje arbeidsinnvandring nemnd med eit ord. Debatten dreia seg om arbeidsplassar til distrikta og til ungdom og om å gjera det lettare for kvinner å koma inn på arbeidsmarknaden. Dette må tolkast som at det var brei oppslutning om framhald av fri innvandring,

¹⁵ Sitert i Tjelmeland 2003: 81.

noko som blant anna må sjåast ut frå det svært låge nivået på innvandringa fram til då. Ved folketeljinga i 1970 utgjorde utanlandske statsborgarar berre 1,3 prosent av befolkninga, og av desse kom omtrent halvparten frå Norden – og berre i underkant av 5 prosent av desse utanlandske innvandrane kom frå den tredje verda og litt over det frå Sør-Europa.¹⁶ Men då var det alt kome endringar i denne innvandringspolitiske idyllen.

Alt våren 1970 kom dei første signala om ei endring i dei internasjonale migrasjonsstraumane. På slutten av 1960-talet kom dei første oppslaga om arbeidsmigrantar frå den tredje verda, først frå land nær Europa, som Marokko og Tyrkia, seinare også frå Asia – særleg Pakistan. I første omgang vart dei mest oppfatta som fargeklattar, men etter kvart kom det oppslag i Dagbladet og i Arbeiderbladet om at dei nye «framandarbeidarane» opplevde å bli utnytta både i bustadmarknaden og i arbeidslivet, særleg frå sommaren 1970. Då hadde dei første innstrammingane i Danmark og Sverige kome, og frå november 1970 innførte Danmark innvandringsstopp. LO pressa på for at Norge skulle følgja etter, og i oktober sette Borten-regjeringa ned ein komité som skulle sjå nærare på innvandringspolitikken, leia av høgremannen Trygve Owren, utan at det var tale om å bryta med den liberale innvandringspolitikken som hadde blir ført. Omslaget kom våren 1971, då det kom 600 pakistanarar til Norge, noko som skapte ein form for panikk og alarmistiske oppslag i hovudstadspressa. Då vart det iverksett strakstiltak for å dempa innvandringa. Dette var starten på ein prosess som varte til det vart innført innvandringsstopp i Norge frå februar 1975, som det siste landet i Europa.

Det oppstod dei underlegaste konstallasjonar. Det var venstresida, og framandarbeidarane gjennom deira representant i Owren-utvalet og organisasjonen Fremmedarbeiderforeningen, som kjempa for innføring av restriksjonar på innvandringa – mens høgresida ville at Norge skulle halda fram med den opne grensers politikk. Ein kan merka seg at motstand mot innvandring ikkje var blant dei 13 punkta som var stiftingsgrunnlaget for Anders Langes parti til sterk nedsettelse av skatter, avgifter og offentlige inngrep.¹⁷ Også vår mann, Ottar Brox, markerte seg i denne nye debatten.

Hausten 1971 arrangerte «Kirkerådets utvalg for forskning og utredning» to såkalla konsultasjonar på LO-skolen på Sørmarka utanfor Oslo, som ledd i eit forskings- og utgreiingsprosjekt om «fremmedarbeiderpro-

¹⁶ Tjelmeland 2003: 83.

¹⁷ Tjelmeland 2003: 125.

blemet». Foredraga vart publisert våren 1973, finansiert av Sosialdepartementet, for å «bidra til at fremmedarbeidernes arbeids- og levevilkår blir gjenstand for større interesse og debatt».¹⁸ I innleiinga til boka skriv redaktøren Jørgen Karlsen at «fremmedarbeiderproblemet» er blitt «faretruende stort».¹⁹ Her var også Brox representert med artikkelen «Fremmedarbeiderproblemane i politisk sammenheng». Denne artikkelen kan ein sjå på som ei utdjuping og presisering av artikkelen frå 1967, men nå i ein heilt annan konjunktur i innvandringsdebatten.

Som i artikkelen frå 1967 reiser Brox her spørsmålet om kva all talen om næringslivet sitt «arbeidskraftbehov» i samband med diskusjonar om arbeidskraftimport gjekk ut på. Utgangspunktet hans er at «samfunnet er et system i konflikt». Det er det som gjer omgrepet «behov» så problematisk. Det som er «behov» for ein part i konflikten, er ikkje nødvendigvis eit behov for den andre parten.²⁰ Når fiskeflåten «mangler arbeidskraft», er det fordi norske fiskarar hadde valt vekk dei alternativa som trålareigarane kunne tilby, ut frå det utbyttet det ville gitt i høve til alternativ på land eller i kystfisket. Arbeidskraftimport ville i eit slikt tilfelle medført å halda trålarnæringa kunstig i live. Denne argumentasjonen er gyldig også for anna arbeidsfolk: Arbeidskraftimport vil bidra til å vedlikehalda låglønnsgrupper og store lønsskilnader.²¹ Eksempel frå andre land, som i England og Sveits, viser då også korleis arbeidskraftimport pressar lønningane til vanlege arbeidarar. «Etter min oppfatning er mangelen på arbeidskraft vår viktigste ressurs», skriv han – ei formulering som fangar essensen av hans syn på arbeidskraftinnvandring. Mangelen på arbeidskraft har i Norge ført til større sosial likskap og regional balanse.²² Nå knyter han dette temaet til spørsmålet om norsk medlemskap i EF: Medlemskap i EF ville undergrava «de strategiske posisjoner som det norske arbeidsmarkedet innebærer».²³

¹⁸ Karlsen og Dalin 1973: 7.

¹⁹ Karlsen 1973: 9.

²⁰ Brox 1973: 40.

²¹ Brox 1973: 43.

²² Brox 1973: 45.

²³ Brox 1973: 47.

Den språklege vendinga hos Brox som innvandringsforskar

Norge vart ikkje medlem av EF, og i 1975 kom den midlertidige innvandringsstoppen. Den vart gjort permanent i 1988. Frå 1975 såg då heller ikkje Brox nokon grunn til å engasjera seg innvandringspolitisk. Innvandring var ikkje lenger eit viktig tema i norsk politikk. Dette endra seg på slutten av 1980-talet. Det var den sterke veksten på asylsøkarar, frå borgarkrigar i Afrika og seinare Balkan, frå andre halvdelan av 1980-talet som skapte ein ny runde med innvandringspolitisk debatt og polarisering. Det var nå Framstegspartiet, frå kommunevalet i 1987, for første gong svinga seg opp for alvor.

Denne polariseringa var temaet for eit forskingsprosjekt som Brox stod i spissen for på slutten av 1980-talet, finansiert av innvandringsavdelinga i Kommunaldepartementet. Funna vart oppsummert og analysert av Brox sjølv i boka *Jeg er ikke rasist, men ...* frå 1991, truleg den boka av Brox som etter *Hva skjer i Nord-Norge?* har fått størst betydning i den offentlege debatten.²⁴ Han er ute etter å forstå den norske innvandringsdebatten i ei tid med aukande tal på flyktningar og asylsøkarar, særleg kvifor den utarta til å bli «uproduktive norgesmesterskap i uttrykk for delte verdier», noko som blokkerte for rasjonell debatt. Det er ei bok om meningsdanning i ei tid med sterk polarisering.²⁵

Boka tar utgangspunkt i analyse av avismateriale frå 1987/1988, då den første store og alarmistiske diskusjonen tok laus. Debatten var prega av «drastisk uenighet, sterk språkbruk og klar polarisering». Det gjaldt på alle nivå, frå grasrota og opp til den politiske og kulturelle eliten.²⁶ Diskusjonen var prega av «klart feilaktige virkelighetsoppfatningar, tvilsom bruk av svært så nøyaktige tall, og mytiske historier uten realitetsgrunnlag». Denne debattforma kunne blokkera også for praktisk politikk for å møte ein situasjon med stadig fleire flyktningar «som vi av opplagte grunner må bruke noen av våre ressurser på å løse problemer for».²⁷ På dette tidspunktet var berre 1,6 prosent av folketalet i Norge frå den tredje verda. Talet var så lite at det ikkje ville by på problem dersom dei var spreidd ut over heile landet,

²⁴ Brox 1991.

²⁵ Brox 1991: 5 f.

²⁶ Brox 1991: 7.

²⁷ Brox 1991: 5 ff.

men slik var det jo ikkje – og det er problema der dei hadde hopa seg opp, «punktvmrkninger», som politikarane måtte finna praktiske løysingar på.²⁸

Ein må inn i massekommunikasjonsteoriane si verd for å få ei meir allsidig forståing av meningsdanninga på innvandrarfeltet, meiner Brox. Særleg stoppar han opp med ein særleg form for diskurs som han kallar «uttrykkskonkurranse» – som han ser som «en diskurs som løper løpsk», der argument blir vurdert ut frå kva slags verdier dei blir oppfatta som å støtta.²⁹ I analysen av korleis dette spelar seg ut på det innvandringspolitiske feltet, trekker han vekslar på Gregory Bateson sitt omgrep *skismogenese*.³⁰ Det blir ikkje ein debatt mellom to meningsleirar, men det oppstår ein *uttrykkskonkurranse* innanfor to *interne* debattar – der deltakarane kappast i å overgå kvarandre i uttrykk for dei verdiane som ragar høgst internt i dei to leirane. Såleis oppstår det han kallar «polariseringas dynamikk».

Avismaterialet er basert på gjennomgang av Klassekampen, som representant for ei særleg markert haldning, og andre aviser sine kommentarar til oppslaga i denne avisa for året 1987, der det var intens debatt på grunn av den sterke auken i talet på asylsøkarar og kommunevalet det året. Han går inn på fleire døme på polariseringa i debatten. Ein av dei gjeld det massive køyret på kommunalminister Leif Haraldseth sitt utspel om å byggja brakker for å ta unna den store tilstrøyminga av asylsøkarar i 1987. Haraldseth vart møtt med påstandar om rasisme på sitt pragmatiske forslag på å løysa eit akutt problem. Han fekk inga støtte, heller ikkje frå sine egne. Dette var då eit døme på korleis praktiske spørsmål «meget lett transformeres til ideologiske eller moralske spørsmål».³¹ Hetsen mot Haraldseth og overbodspolitikken i å vera innvandringsvennleg på venstresida tilbakefører Brox til at politikken degenererte til å bli eit moralmeisterskap, heller til ein politikk for å løysa praktiske spørsmål.³²

Det mest minneverdige av dei døma han bruker på skismogenese i denne boka, er konkurransen mellom partiet RV, med Jon Michelet i spissen, og Framstegspartiet med Carl I. Hagen som frontfigur, etter at førstnemnde, med støtte frå partiideolog Tron Øgrim, lanserte forslaget om 1 million flyktingar til Norge. Det var jo gefundenes fressen for Hagen, som kunne bruka dette som døme på den faren venstresida representerte i

²⁸ Brox 1991: 13.

²⁹ Brox 1991: 32.

³⁰ Brox 1991: 159.

³¹ Brox 1991: 47.

³² Brox 1991: 48–53.

innvandringspolitikken. Det var også ein parallell på høgresida til ein slik overbodspolitikk. Det mest komiske dømet på det var Tor Mikkell Wara, Hagen sin kronprins på den tida, sitt utspel i 1990 om at det som det kiseramma Finnmark trong i den pågåande kystkrisa, var «1 million Hongkong-kinesere», sjølvsaft då som gjestearbeidarar utan rettar.³³

Det ekstreme utspelet frå Wara hadde ein parallell i det Brox omtaler som «den moderate, eller liberale ‘godviljens kvinner og menn’». Det dreier seg om krefter som vektlegg «innvandernes bidrag til det norske samfunnet», altså at *Norge* har eigeninteresse av innvandringa, i kontrast til «den moralske eliten» (på venstresida) som vektlegg *innvandrarene* sine interesser.³⁴ Som i artiklane frå 1967 og 1973 blir det peikt på «mangelen på faglig eller interessepolitisk fundert diskusjon av de argumentene som er referert ovafor». Den viktigaste påstanden han imøtegår, gjeld tanken om at nødvendige jobbar ikkje vil bli gjort utan innvandring. Problemet med å få gjort desse jobbane kunne vore løyst anten med å tilby betre lønn eller finna teknologiske løysingar. Når dette ikkje blir korrigert av dei fagfolka som skulle vita betre, eller av folk på venstresida som er redd for sosial dumping, er det av frykt for at slike påpeikingar kunne bli utnytta av innvandringsmotstandarar med rasistisk motivasjon.³⁵

Når innvandringsmotstandarar av FrP-typen heller ikkje gjekk inn på argumentet om sosial dumping, så var det fordi dei ikkje var innvandringsmotstandarar på det grunnlaget – fordi dei var *tilhengjarar* av sosial dumping. Carl I. Hagen refererte til Sveits, med sitt gjestearbeidarsystem, som eit føredøme, mens Tor Mikkell Wara som nemnd «vil gjerne erstatte den halsstarrig antikapitalistiske befolkningen i Finnmark med 1 million rettighetsløse Hongkong-kinesere». Og LO, som representerer dei som taper på ein innvandringspolitikk som fører til sosial dumping, har halde kjeft sidan innføringa av innvandringsstoppen i 1975, for å ikkje gi den politiske venstresida eit «moralisk overtak».³⁶

Det siste fører han fram til kjernepunktet i boka: Korleis moralmeisterskapet i innvandringsdebatten på venstresida blokkerte for å finna fornuftige avvegingar mellom ulike omsyn, som til dømes kunne støtta opp om ein opnare asylpolitikk, ved å berre akseptera ein type motivasjon, den *altruistiske*. Her er det særleg AKP (m-l)s sjefideolog Tron Øgrim som får tena som

³³ Brox 1991: 51 f.

³⁴ Brox 1991: 57.

³⁵ Brox 1991: 60 f.

³⁶ Brox 1991: 62.

døme, og Brox viser korleis ein intern overbodspolitikk på feltet får herja, med synspunkt som at «enhver innvandringslov vil være et redskap i borgerskapets hender».³⁷ Desse haldningane munna gjerne ut i at kvart einaste tiltak som set grenser for innvandring og alle dispensasjonar som gjaldt ekspertinnvandring, fekk stempelet «statleg rasisme». RVs Sigurd Allern gjekk så langt som å skriva at den institusjonelle rasismen, eit anna ord for statleg rasisme, er «den virkelige faren for rasisme på norsk», ikkje rasismen frå nynazistar og andre brune eller andre innvandringskritiske kretsar.³⁸

Det er jo lett å sjå at det var nokre metodiske problem med å ha den ekstreme avisa Klassekampen og dei diskusjonane den avisa utløyste, som utgangspunkt for eit studium av rasisme og innvandringspolitikk. Brox såg denne innvendinga, men han avviste den med at han meinte Klassekampen baserte seg på «et syndrom av hederskronete verdier som *hele* venstresida, med tilliggende herligheter i kristenfolket og den borgerlige humanisme, har felles», det var berre Klassekampens *form* som var ulik. For Brox er poenget med dissekeringa av «den moralske eliten» at den la terrenget ope for høgrepopulistisk utnytting av innvandringsmotstand, noko kommunevalet same året stadfesta.³⁹

Det fører Brox fram til kva som rører seg på grasrota og diskusjonen om rasisme på norsk. Eit kjernepunkt her var at den moralske eliten meiner at når det den kallar «statleg rasisme», altså innstramming i innvandringspolitikken, blir grunngitt med at den skal motverka rasisme i befolkninga, så er det eit vikarierende motiv, det var staten sjølv som var rasistisk. Nå var det jo slik at grasrota støtta slik innstramming, og då blir spørsmålet om dette kan forklarast med rasisme også her. Brox lener seg på den klassiske definisjonen av ordet rasisme, som ideen om biologiske hierarki. På basis av ein slik definisjon, og med støtte i ein FAFO-rapport av Gudmund Hernes og Knud Knudsen om haldningar til innvandrarar,⁴⁰ avviser han at biologisk rasisme var særleg utbreidd ved inngangen til 1990-talet. Han meiner at Norge så seint som på 1950-talet, var «gjennomrasistisk i ideologisk forstand».⁴¹ Men dei framandfiendtelege fråsegnene som ulike ungdommar ga uttrykk for i den granskinga som låg til grunn for Brox si bok, viste – etter Brox sitt syn – at dei ikkje var rasistiske etter den definisjonen

³⁷ Brox 1991: 66.

³⁸ I Klassekampen i august 1987, Brox 1991: 69.

³⁹ Ibid.: 88.

⁴⁰ Knudsen og Hernes 1990.

⁴¹ Brox 1991: 96.

han legg til grunn, den biologiske. Dei var basert på kulturelle førestillingar og reaksjonar på det folk oppfattar som fordelar innvandrarane fekk.

Brox meiner likevel at, når ein skrellar vekk innvandringsmotstand som ikkje kan definerast som rasistisk ut frå den biologiske definisjonen hans, står det igjen ein rest som må forståast som rasistisk. Slike haldningar spring ut av «de meningsskapende prosessene (diskursen) på grasrota», og ikkje på grunn av media sine omtaler av innvandringsrelaterte forhold. Det handlar om stadfesting av negative stereotypiar og nedbryting av positive. Faren er at legitim skepsis til omfanget av innvandring kan utvikla seg til negative stereotypiar, av den rasistiske typen.⁴²

Dette viser han med å gå inn på Carl I. Hagen sin retorikk. Hagen svinga seg opp med relativt moderat argumentasjon mot innvandring, men opna samstundes også for å legitimera grumset i ein del av partiet sin veljarskare. Politikken og retorikken var ikkje særleg annleis enn det representantar for regjeringa og i den borgarlege opposisjonen stod for, men den framstod som meir truverdig ved å «organisere folks erfaringer», som den moralske eliten ga blaffen i. Det var rett og slett ikkje nødvendig å seia «ut med svartskallene». Det heldt å senda ut verbale signal. Dette opna for ein konkurranse i segmentet for innvandringsmotstand, som stimulerte ytre høgregrupper med klar rasistisk agenda.⁴³

Det er denne uttrykkskonkurransen, på begge fløyer, som skaper polariseringa i innvandringsdebatten, og som står til hinder for praktisk politikk: «Frontene produserer legitimitet for hverandre.»⁴⁴ Hovudproblemet i innvandringsdebatten er «mangelen på åpen, rasjonell informasjon og diskusjon».⁴⁵ Polariseringa gjer at dei Brox reknar som dei fornuftige, skuggar unna. Brox meiner likevel at denne skismogenesen kan overskridast, noko som svenske og norske døme hadde vist. Det handla om å utvikla pragmatisk «mellomstandpunkt» for å bryta fordummande polarisering.

Det er dette aspektet ved boka, forsvaret for pragmatiske mellomstandpunkt som kan gjera fornuftig praktisk politikk mogleg, som gjorde ho viktig i si samtid, men også etter det. Medievitaren Jostein Gripsrud lener seg tungt på Brox sin analysemåte og Brox sine omgrep i boka *Norsk hamskifte?* frå 2018.⁴⁶ Han ser Brox som ein som spelar på «midtbanen»

⁴² Brox 1991: 136 f.

⁴³ Brox 1991: 145, 148.

⁴⁴ Brox 1991: 158.

⁴⁵ Brox 1991: 161.

⁴⁶ Gripsrud 2018.

i innvandringsdebatten, saman med sosialantropologane Unni Wikan og Inger-Lise Lien. Dette er forskarar som har gjort det mogleg å få ein balansert debatt om innvandringa, der det er mogleg å diskutera også problematiske sider. Inger-Lise Lien karakteriser sjølv Brox si bok som «det første store skrittet mot å endre den offentlige diskurs i en mer åpen og demokratisk retning».⁴⁷ Brox følgde opp denne tilnærminga i 1997 som redaktør av ei bok om den norske rasismen, der han sjølv skreiv innleiing og avslutning. Her ryddar han opp i kategoriane, med sikte på å skapa eit klima for ein edrueleg debatt om fenomenet.⁴⁸ Nå var Brox sitt perspektiv på innvandringsdebatten, slik eg ser det, i all hovudsak blitt hegemonisk innanfor samfunnsvitskapen og slik gjort innvandringsdebatten her til lands meir realistisk, langt meir enn til dømes i vårt naboland Sverige. Som Lien formulerer det: «Ved sitt eksempel, sin autoritet og troverdighet har han bidratt til edruelighet og til å forhindre den sterke moralismen som fremdeles ligger som et lokk over innvandringsdebatten i Sverige.»⁴⁹

Brox møtte ikkje berre kritikk frå «den moralske eliten», men også frå godt fundert fagleg hald. Det eine gjeld den lett impresjonistiske tilnærminga, med innslag av det anekdotiske, litt slik empiri frå Senja ofte har blitt brukt for å byggja opp store resonnement om Nord-Norge og kystfisket. Men slik dette har fungert for å få fram perspektiv på ein pedagogisk måte i Nord-Norge-bøkene hans, er det også for den viktige boka frå 1991.⁵⁰ Den viktigaste innvendinga gjeld difor rasismeomgrepet Brox brukte som standard målestokk i boka. Brox la biologisk rasisme til grunn, men i faglitteraturen hadde ein for lengst utvida omgrepet rasisme til også å omfatta kulturelle uttrykk. I ei melding av *Jeg er ikke rasist, men ...* skriv statsvitaren Anders Todal Jenssen: «Brox gjør ikke noe forsøk på å gå inn i den meget omfattende faglitteraturen om rasisme, etnosentrisme og diskriminering.» Denne avgrensinga gjer at han undervurderer rasismefaren, meiner Todal Jenssen.⁵¹ Brox omtaler då også antirasistisk kamp i lett raljerande tone, slik som i slutten av kapittelet om polarisering: «Men den som av dette måtte trekke den slutning at nå gjelder det å trappe opp den antirasistiske kampen – på den moralske elitens premisser – håper jeg vil ta seg tid til å lese neste kapittel.»⁵² Det er ingenting som tyder på at Brox meinte

⁴⁷ Lien 2003: 79.

⁴⁸ Brox 1997.

⁴⁹ Lien 2003: 80.

⁵⁰ Jenssen 1992: 388 f.

⁵¹ Jenssen 1992: 383, 388.

⁵² Brox 1991: 156.

at antirasistisk kamp var nødvendig eller viktig. Boka kom ut samstundes med dei sterke folkelege mobiliseringane mot Arne Myrdal og hans rasistiske og nynazistiske meiningsfeller, i Brumunddal (der 4000 møtte opp og vende han ryggen) og på Youngstorget (der 10 000 gjorde det same), ei rørsle som i stor grad punkterte den rasistiske mobiliseringa på denne tida.

Minoritets- og arbeidsmarknadsforskaren

Brox var altså blind på det antirasistiske auget, noko som kan tilbakeførast til det økonomistiske perspektivet hans. Boka *Jeg er ikke rasist, men ...* innebar likevel ei vending bort frå økonomismen og mot å leggja vekt på retorikk og symbolpolitikk. I boka *De liker oss ikke* frå 1997 går han eksplisitt bort frå å definera rasisme som primært biologisk basert. Nå omfattar rasismeomgrepet hans både biologisk og kulturelt basert rasisme.⁵³ På 1990-talet gjekk han eit skritt vidare på denne kulturalistiske vegen, med å tileigna seg perspektiv frå den minoritetsfaglege litteraturen. I 1995 var han redaktør for boka *Integrasjon av minoriteter*. Det bygde på eit prosjekt i regi av Norges forskningsråd for å formidla forskning som kunne ha praktisk nytte i arbeidet for å læra innvandringsbarn norsk. Her skreiv han sjølv forordet og tre kapittel. I forordet takkar han to av deltakarane i prosjektet, Helene Valvatne og Astri Heen Wold, for utkast til innleiing og oppsummering og for at dei «i det hele [har] engasjert seg sterkt i ‘voksenopplæring’ av redaktøren».⁵⁴ Denne vaksenopplæringa handla om å forstå nøkkelomgrep på innvandringsfeltet.

Her framstår Brox med eit fullt utvikla og moderne integrasjonsperspektiv på innvandringspolitikken. I innleiingskapittelet «Veier til norsk» framhevar han opplæring i morsmålet som basis for å læra seg norsk og kunna bli fullt ut integrert i samfunnet og likeverdige deltakarar i det norsk demokratiet. Det fører han fram til tre omgrep som er heilt sentrale for diskusjonen om korleis eit samfunn skal stilla seg til minoritetspolitikk: assimilering, integrasjon og segregasjon. Han tar avstand frå det første, som inneber ein politikk for å tvinga minoritetane inn på storsamfunnet sine premiss, og det tredje, fordi det vil isolera dei aktuelle minoritetsgrup-

⁵³ Brox 1997a, både i innleiing og avslutning av boka.

⁵⁴ Brox 1995: 7.

pene. *Integrasjon* må vera den rette strategien, og det inneber at det å vera tospråkleg ikkje er eit problem, men eit vilkår for frivillig integrasjon.

Det er interessant at Brox her nemner situasjonen for norske minoritetar, samane og kvenane, for første gong, så vidt eg veit. Han går ikkje nærare inn på situasjon for kvenane («restene av den kvenske minoriteten»⁵⁵), truleg fordi dei ikkje på dette tidspunktet var gjenstand for offentlig minoritetspolitikk. Derimot viser han til erfaringane med integrasjon av samane i Finnmark som døme på kvifor integrasjon i det norske gjennom opplæring i morsmålet, samisk, er viktig. Etter eit hundreår med freistnad på å assimilera samane vilkårslaust i det norske gjennom fornorskingspolitikk, noko som ofte hadde segregasjon som konsekvens, «er Karasjok og Kautokeino nå i ferd med å bli *integrert* i det norske storsamfunnet».⁵⁶ Dette gjer det mogleg for samisk ungdom å velja ulike måtar å vera samisk på. I det avsluttande kapittelet stiller han spørsmåla «Hva har vi lært» og «Hva må gjeres», med ei rekke forslag til praktiske tiltak, alle basert på verdien av det tospråklege.

Midt på 1990-talet var altså Brox engasjert i å fremja praktisk politikk knytt til integrasjon. Denne praktiske tilnærminga til politikken blir på same tid samanfatta i boka *Dit vi ikke vil*, der han sjølv skreiv fem kapittel.⁵⁷ Dette var på ei tid då han ikkje frykta liberalistisk arbeidsmarknadspolitikkk, og då innvandringspolitikken var stramma inn for å møte den nye bølga av asylsøkarar. Symptomatisk for dette er at han i svært liten grad nemner innvandringspolitikk som ein faktor i boka *Norge mot tusenårsskiftet* frå 1994.⁵⁸ I boka *Tett eller spredt?* frå 1997 opnar han innleiingskapittelet sitt med at «[d]et er nesten ingen innvandrere i Norge», og han held fram med at «[i]nnvandrernes velferd og trivsel er i dag noe myndighetene har ansvar for».⁵⁹ Problema med innvandarane gjaldt nå særleg den romlege fordelinga. Han diskuterer utilsikta verknader av den offentlege politikken og peiker på moglege praktiske løysingar, der han særleg slår til lyd for strategien med «desentralisert konsentrasjon».⁶⁰

⁵⁵ Brox 1995: 9.

⁵⁶ Brox 1995b: 10.

⁵⁷ Brox 1995.

⁵⁸ Brox 1994.

⁵⁹ Brox 1997b: 13.

⁶⁰ Brox 1997b: 119.

Alarm: Arbeidsmarknadsliberalistane er på offensiven!

Denne innvandringspolitiske idyllen, sett frå Brox sitt perspektiv, skulle ikkje vara så lenge. Det kom ein sterk auke av asylsøkarar på slutten av 1990-talet, og ved inngangen til det nye årtusetet kom ein kraftig konjunkturoppgang, i Norge forsterka av auka oljeproduksjon. Nå vart slagordet: «Uten innvandrere stopper Norge.»⁶¹ I 2004 kom dessutan utvidinga av EU med åtte austeuropeiske land, noko som opna for fri arbeidsinnvandring frå desse områda på grunn av EØS-medlemskapet.

I dette nye innvandringspolitiske klimaet rykka vår mann ut i 2003, saman med Tore Lindbekk og Sigurd Skirbekk, med boka *Gode formål – gale følger?* med undertittelen *Kritisk lys på norsk innvandringspolitikk*.⁶² På baksida av denne artikkelsamlinga heiter det at føremålet med boka «er å oppfordre til en fordomsfri og nyansert debatt om norsk innvandringspolitikk og bidra til større åpenhet også om de ubehagelige sidene av innvandringen». Det var i sanning ei blanda forsamling av bidragsytarar, frå den venstreorienterte sosialøkonomen Tore Thonstad til publisisten Hege Storhaug, som skulle utfordra til ein meir nyansert debatt om innvandring. Brox sitt bidrag var artikkelen «'Norge trenger mer arbeidskraft': Dårlig argument for en god sak». Og her er han tilbake til den store kontinuitetslinja i studiet av innvandring, frå artikkelen i *Liberalt Perspektiv* i 1967: Korleis ein liberalistisk arbeidsmarknads- og innvandringspolitikk undergrev likskap og norske standardar i arbeidslivet. Her er nye utfall mot dei som vil bidra til sosial dumping, og den moralske eliten, på venstre og høgre fløy, som lar dette skje.⁶³

Kulminasjonen på Brox sitt engasjement på dette området kom med boka *Arbeidskraftimport. Velferdsstatens redning – eller undergang?* i 2005.⁶⁴ Han understrekar sjølv kontinuiteten ved å ha artikkelen i *Liberalt perspektiv* i 1967 som vedlegg. Han startar med ei rekke sitat som handlar om at arbeidskraftimport er nødvendig, i dette historiske høgdepunktet for globaliseringsoptimismen. Som i tidlegare arbeid stiller han spørsmålet om kven arbeidskraftimporten er til fordel for, og som før argumenterer han for at det ikkje er vanlege arbeidsfolk – denne gongen sterkare skodd

⁶¹ Brochmann og Kjeldstadli 2014: 360.

⁶² Brox, Lindbekk og Skirbekk 2003a.

⁶³ Brox 2003b.

⁶⁴ Brox 2005.

med både norsk og internasjonal forskning på temaet. Vanlege arbeidsfolk har interesse av å ha ein sterk strategisk posisjon på arbeidsmarknaden, av ein fungerande velferdsstat og av at den likskapsbaserte norske modellen blir vedlikehalde. Alt dette er truga av ein målretta politikk for å henta arbeidskraft frå samfunn med vesentleg lågare lønnsnivå. Og også her får den naive delen av venstresida gjennomgå.

Nytt i denne boka er at han identifiserer nokre viktige motstemmer til den allmenne begeistringa for arbeidskraftinnvandring. Det eine er at LO har stramma seg opp for å krevja tiltak mot sosial dumping etter EØS-utvidinga, og at også Arbeidarpartiet har «kommet seg ut av sin troskyldighetstilstand». Det same gjeld for hans eige parti, SV, som også for alvor har revurdert sitt syn på arbeidskraftimport.⁶⁵ Han hadde også voner for at den nye raudgrøne regjeringa, som kom til makta same hausten boka kom ut, «ville ha slutt på den kombinasjonen av humanitært løsprat og passiv la-skure-tilpassing som fram til da hadde vært norsk innvandringspolitikk».⁶⁶

Dette var siste gongen Brox gjekk ut med eit større arbeid om arbeidskraftimport. Ein viktig grunn til det er at finanskrisa i 2008 torpederte dei mest vidløftige visjonane om globalisering og globalisme. Ein annan grunn er nok også at den nye raudgrøne regjeringa, med hans eige parti SV, faktisk gjorde alvor av å motverka sosial dumping etter EU-utvidinga og stramma til i asylpolitikken då det kom ei ny bølge av asylsøkarar i slutten av tiåret. Symptomatisk for dette er at han praktisk talt ikkje nemner innvandring (eller fråvær av innvandring) i den siste boka si, *På veg mot et postindustrielt klassesamfunn?* frå 2016.⁶⁷

Kva slags innvandringsforskar var Brox?

Det første punktet i ei oppsummering av Brox som innvandringsforskar er at han berre gjekk inn på dette feltet når han meinte at arbeidsmarknadsliberalistisk politikk kunne føra til aktiv rekruttering av utanlandsk arbeidskraft. Det gjaldt på slutten av 1960-talet, det gjaldt på slutten av 1980-talet, og det gjaldt dei første åra etter tusenårsskiftet. Han ga aldri uttrykk

⁶⁵ Brox 2005: 86, 89 f.

⁶⁶ Brox 2005: 173.

⁶⁷ Brox 2016. Han er så vidt inne på innvandring på side 135 ff., men han har ingen referansar til sine eigne innvandringsarbeid.

for at han såg innvandring eller innvandrarak som noko negativt i seg sjølv. Tvert om skriv han fleire stader om positive sider ved innvandringa. «Personlig har jeg ingenting mot innvandring *som ikke svekker de lågløntes mærkedsmækt*», skriv han i det siste arbeidet sitt om innvandring. Og han held fram: «Jeg er også enig med dem som argumenterer for et ‘fargerikt fellesskap’, i den forstand at Norge blir et livligere og morsommere samfunn med kebabsjapper og eksotiske restauranter».⁶⁸

Difor retta han heller ikkje skytset mot asylinstituttet. Han var sjølv-sagt klar over at ein utbreidd måte å omgå innvandringsstoppen frå 1975 var gjennom å koma som asylsøkar, men han ville ikkje stenga den vegen. I fleire av arbeida sine skriv han at Norge bør praktisera ein liberal asyl- og flyktningpolitikk. Han skriv i 2005 at han personleg er «for at vi tar imot mer enn ‘vår del’ (i forhold til folketallet) av dem som må flykte fra andre land for å redde liv og frihet», og han skriv at «minst 80 prosent av oss, og nesten alle mediene, har ingen motforestillinger» mot at Norge signerte FNs flyktningkonvensjon.⁶⁹ Det springande punktet var å sikra at innvandrarakane fekk same vilkår som nordmenn, slik at dei ikkje svekka den strategiske posisjonen til arbeidsfolk på arbeidsmarknaden.⁷⁰

Brox meinte at velferdsstaten, med dei universelle rettane, må ha kontroll over grensene, men også at dei som alt er innanfor desse grensene, skal ha like rettar og stå likt som medborgarak. Han stod altså for ein republikansk nasjonalisme, i kontrast til mange innvandringsmotstandarak som står på kulturnasjonalismens grunn. Det innebar at han også la seg på ein integrasjonsstrategi i innvandringspolitikken – ikkje slapp multikulturalisme, som opnar for parallellsamfunn, slik Sverige og Storbritannia lenge heldt seg med, men heller ikkje ein assimilasjonsstrategi, som den danske politikken i dag ligg nær. Brox har såleis stått for det som har vore offisiell norsk politikk sidan midt på 1970-talet, sjølv om han ofte har framstilt seg som ein kritikal av denne.

Eg har peikt på innvendingar mot analysane hans, som at han i for sterk grad har tona ned kulturelle faktoral. Han har ikkje på noko tidspunkt diskutert dilemma med asylopolitikken, til dømes familiejenforeining, som ei dør inn til det norske samfunnet. Fram til EUs utviding i 2004 var asyl-

⁶⁸ Brox 2005: 14 f.

⁶⁹ Brox 2005: 14, 71. Noreg ratifiserte Flyktningkonvensjonen av 1951 utan atterhald og skreiv inn asylinstituttet i framandloven av 1956. Tjelmeland 2003: 42, 45.

⁷⁰ I Brox 2005: 173 diskuterer han korleis den nye raudgrøne regjeringa kunne gjera dette, utan å stenga grensene for flyktningar eller hindra familiejenforeining.

instituttet den viktigaste inngangen til det norske samfunnet, udrøfta i Brox sine tekstar. Han kunne nok med fordel ha diskutert problema som gjeld at den norske økonomien er så open. Hans innvandringsmotstand har ikkje omfatta ekspertinnvandring, til dømes når det gjeld den tidlege fasen i oljeøkonomien eller i helsevesenet.⁷¹ Men hans hovudtanke om at arbeidskraftmangel, altså konkurranse om arbeidskrafta, kunne løysast ved å gi høgare lønn i utsette bransjar, neglisjerer at store delar av norsk økonomi er avhengig av å konkurrera på ein verdsmarknad. Korleis asyl- og flyktninginnvandring har påverka Kommune- og Distrikts-Norge er heller ikkje eit felt han i særleg grad har gått inn i.

Dette kapittelet er altså ikkje ein freistnad på ei heilskapleg vurdering av Ottar Brox som innvandringsforskar. Eg har lagt vekt på korleis bidraga hans på dette feltet endra sjølv *debattkulturen*, ikkje minst gjennom hans særeigne skarpe og effektive retorikk. Brox var ein viktig og uredde stemme i eit vanskeleg politisk farvatn, og han la grunnlaget for ein meir edrueleg debatt om dilemma og problem i innvandringspolitikken. Slik må han reknast som ein av arkitektane bak ein relativt vellukka norske integrasjonspolitik. I dette ligg også hans aktuelle relevans.

Referansar

- Brochmann, G. og Kjeldstadli, K. (2014). *Innvandringen til Norge 900–2010*. Oslo: Pax Forlag.
- Brox, O. (1967). Hvem trenger fremmedarbeiderne, og hva trenger de? *Liberal Perspektiv*, nr. 2, her etter opptrykk i Ottar Brox 2005.
- Brox, O. (1973). Fremmedarbeiderproblemene i politisk sammenheng. I Karlsen, J. og Dalin, Å. (red): *Fremmedarbeidere i Norge. En debattbok*. Universitetsforlaget.
- Brox, O. (1991). «Jeg er ikke rasist, men ...» *Hvordan får vi våre meninger om innvandrere og innvandring?* Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Brox, O. 1994. *Norge mot tusenårsskiftet. Arbeid for alle – eller flere rike og ny fattigdom?* Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Brox, O. (red.) (1995a). *Integrasjon av minoriteter. Kan Carmen og Khalid bli gode i norsk?* TANO/NIBR.

⁷¹ Til dømes Brox 2005: 15.

- Brox, O. (1995b). Veier til norsk. I Brox, O. (red.): *Integrasjon av minoriteter. Kan Carmen og Khalid bli gode i norsk?* TANO/NIBR.
- Brox, O. (1995c). *Dit vi ikke vil. Ikke-utopisk planlegging for neste århundre*. Oslo: Exil.
- Brox, O. (red.) (1997a). «De liker oss ikke.» *Den norske rasismens ytringsformer*. Oslo: Tano Aschehoug.
- Brox, O. (1997b). Innledning. I Brox, O. (red.): *Tett eller spredt? Om innvandrernes bosettingsmønster i Norge*. Tano Aschehoug.
- Brox, O., Lindbekk, T. og Skirbekk, S. (red.) (2003a). *Gode formål – gale følger? Kritisk lys på norsk innvandringspolitikk*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Brox, O. (2003b). «Norge trenger mer arbeidskraft»: Dårlig argument for en god sak. I Brox, O., Lindbekk, T. og Skirbekk, S. (red.): *Gode formål – gale følger? Kritisk lys på norsk innvandringspolitikk*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Brox, O. (2005). *Arbeidskraftimport. Velferdsstatens redning – eller undergang?* Oslo: Pax Forlag.
- Brox, O. (2016). *På veg mot et postindustrielt klassesamfunn? Om vi vil unngå for store forskjeller i våre barns Norge, er det mye å lære av våre forfedre*. Oslo: Pax Forlag.
- Gripsrud, J. (2018). *Norsk hamskifte? En kritikk av Terje Tvedt, et betinget forsvar for godheten og en etterlysning av midtbanen i innvandringsdebatten*. Bergen: Vigmostad & Bjørke.
- Jenssen, A.T. (1992). Ottar Brox: «Jeg er ikke rasist, men ...» Hvordan vi får våre meninger om innvandrere og innvandring, 383–414. *Tidsskrift for samfunnsforskning*, 33.
- Karlsen, J. (1973). Hva er egentlig problemet? Innledning. I Karlsen og Dalin 1973.
- Knudsen, K. og Hernes, G. (1990). *Svart på hvitt*. Oslo: FAFO.
- Lien, I.-L. (2003). Ottar Brox i innvandringsdebatten. I: *Den sikre tvilen. Ottar Brox i norsk samfunnsforskning og samfunnsdebatt. Festskrift til Ottar Brox*. Oslo: Norsk institutt for by- og regionforskning.
- Tjelmeland, H. (2003). Opne grenser i ei oppgangstid. I Tjelmeland, H. og Brochmann, G.: *I globaliseringens tid 1940–2000*, bd. 3 i Kjeldstadli, K. (red.): *Norsk innvandringshistorie*. Pax Forlag.